

# Forekomst av magesår hjå purker

TONE RUNHILD O. SKADSEM<sup>1</sup>, TERJE IVERSEN<sup>1</sup>, ELI MARIA STENKLEV<sup>1</sup> OG BENTE FREDRIKSEN<sup>2</sup>

Helsetjenesten for svin/Nortura<sup>1</sup>, Helsetjenesten for svin/Animalia<sup>2</sup>

## Innleiing

Magesår er rapportert å vere hyppig forekomande i våre naboland. Ei dansk undersøking frå 2002-2004 påviste mageendringar hjå 75 % av 775 slakta purker (1). Hjå 28 % av purkene vart endringane karakterisert som alvorlege (sår eller arr). Ei svensk undersøkelse (2) viste forandringar hos 50,9 % av purkene og alvorlege endringar hos 11,6 %.

Utviklinga av magesår er tett knytta til intensiv svineproduksjon. Det er ikkje tidlegare gjort noko undersøking hjå norske purker. På 60-talet vart det utført ei undersøking hjå slaktegris som konkluderte med at under halvparten av dyra hadde ei heilt normal mageslimhinne (2).

Mageendringar skjer i all hovudsak i pars oesophagica (den kvite delen) i magesekken. Denne delen er kjertellaus og er ikkje beskytta mot magesyre. Slimhinna i denne delen kan difor raskt bli nedbroten og fortjukking i slimhinna, erosjoner og sår blir danna. I naturen skjer det ei lagvis fordeling av før i magesekken, dette beskytter mot syrepåkjenning. I moderne svineproduksjon skjer dette sjeldan grunna dei føringshøva og føremner som me har.

Kunnskap om innvirkning av magesår på velferd, produktivitet og haldbarhet hjå purker er mangefull. Ein rekner med dei mest alvorlege gradene av magesår reduserer dyra sin velferd og i tillegg påverkast matlyst og produksjon negativt.

Helsetjenesten for svin er i gang med ei undersøking av forekomst av magesår hjå norske purker på 3 ulike slakteri. Så langt er 209 purker undersøkt.

## Materiale og metode

Undersøkinga blir gjennomført ved Nortura Steinkjer, Nortura Forus og Nortura Rudshøgda. Purker som blir slakta frå tilfeldige besetningar blir registrerte på slakteriet. Det blir registrert gradering av magesår, slaktevekt, individnummer, besetnings-id og slaktedag. Frå dyr med kjent identitet blir besetningseigar kontakta og det blir henta opplysningar om årsak til slakting og føring.

Forsøket tok til i februar 2010 og vil fortsetje fram til det er tilstrekkeleg materiale, ca. 300 dyr per slakteri. Me ynskjer også å få eit visst antal besetningar


med registreringar fra minst 10 purker. Dette for å kunne gå vidare og utgreie risikofaktorer i besetningar med henholdsvis høg og låg frekvens av magesår.

### Gradering av magesår


Mageendringar blir graderte frå 0 til 11 etter et dansk graderingsystem (1). Grad 0 er ei heilt normal og intakt slimhinne. Grad 1-3 har ulik grad av forhorning og slimhinna er ofte gulfarga. Ved grad 4 og 5 er det underliggjande vev blotta i mindre områder, dette blir kalla erosjoner. Grad 6-8 har ulik mengde erosjoner i tillegg mindre kraftig og kraftig arrdanning kring erosjonane. Grad 9 og 10 har kraftig arrdanning og ulik grad av innsnevring av spiserøyet si innmunning. Grad 11 er eit akutt blødande magesår.

## Resultat

Resultata frå 209 purker syner ei fordeling av magesår som vist på figur 1. Det er ulik gradering av magesår på 2 ulike slakteri, illustrert i figur 2.



Figur 1. Prosentvis fordeling av mageendringar hos 209 purker.



Figur 2. Fordelinga av mageendringar hos 209 purker fra 2 ulike slakteri..

## Diskusjon

Dette er føreløpige resultat i denne undersøkjinga, men likevel syner det ei trend for mageendringar hjå norske purker. Det er kun 9,1 % av purkene som har ei heilt normal fysiologisk mageslimhinne. 66,5 % av purkene har mageendringar grad 1-5. Ein rekner med at mageendringar over grad 5 har klinisk betydning for dyret. Det vil seie at 24,4 % av purkene har mageendringar som kan gje kliniske symptom og mogelegeins medføre smerte.

Ein ser ein tydeleg forskjell mellom slakteri A og slakteri B i figur 2. Magesekken er vurdert av ulike personer på kvart slakteri. Det er gjennomført ei kalibrering i forkant av undersøkjinga som skal redusere sjansen for ulik registrering. Endringane kan også skuldast ulik føring og ulik bruk av førslag i dei ulike områdene. Det er nok og ulik tildelinga av type og mengde grovfør til purkene. Management og drift er også ulik i ulike deler av landet. Dette påverkar i stor grad helse og trivsel til dyra og kan vere ei årsak til at me ser ei ulik fordeling av mageendringar mellom desse 2 slakteria.

Me ser dei fleste purker er slakta som følge av utrangering etter ein dieperiode eller som følge av omløp etter avvenning. Dette er perioder av syklusen til purka som ein rekner som meir stressande og vil kunne påvirke forekomsten av mageendringar noko. Magesår kan oppstå på få timer og det er ukjent i undersøkjinga kor lang tid det har teke før dyret har forlete besetninga til det blir slakta

## **Samandrag**

Det er påvist mageendringar hjå 90,9 % av norske purker. 24,4 % av purkene hadde sendringar rekna som alvorlege (grad over 5). Dette syner at magesår og mageendringar er høgt forekomande hjå norske purker. Undersøkinga oppmodar til å arbeide meir med faktorane som påverkar slimhinna i den kvite delen av magesekken.

## **Referanser**

*Madsen, M.T., Højberg, P-E., Svensmark B., Kongsted H., Sørensen G., Hansen P.N. Manual, - Maveforandringer hos polte og søer. Dansk svineproduktion 2007.*

*Cerne M. Svenska Djurhelsovårdens fortbildningskonferens 2008.*

*Teige J. Ulcusventriculi hos gris. Medlemsbl N Vet Foren 1967;419-26.*